

# Tysnes kommune

## MØTEBOK

---

<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
LANDBRUK/MILJØ/TEKNISK	03.12.96

---

**Sakshandsamar Leif Børge Meland**

---

**Sakstittel: NAMN PÅ VEGAR I VÅGSMARKA BYGGEFELT**

---

**Handsamingar:**

Utval	Saksh.	Møtedato	Type	Saksnummer
LANDBRUK/MILJØ/TEKNISK	LBME	03.12.96	PS	0147/96

LANDBRUK/MILJØ/TEKNISK den 03.12.96

Sak	PS	0147/96
NAMN PÅ VEGAR I VÅGSMARKA BYGGEFELT		

**VEDTAK I LANDBRUK/MILJØ/TEKNISK:**

Utval III prioriterer slik:

Parsell 1: Groarvegen. Dei 2 andre går ut.

Parsell 2: 1. Vågsmarka 2. Stølsvegen.

Parsell 3: Klypesbekken. Vågskroken går ut.

Parsell 4: 1. Stølsvegen. 2. Vågstølen. Resten går ut.

Parsell 5: 1. Vågsåsen 2. Skreio.

Parsell 6: Grønåsen.

**HANDSAMING I LANDBRUK/MILJØ/TEKNISK:**

**Vedlegg:**

1. Kart, innteikna adresseparsellar.

**SAKSUTGREIING:**

Namnsetjing på vegar i byggefelt i Vågsmarka.

I tråd med saksgangen i adressesaker og vedtak i kommunestyre i sak K 36 i 1996 er det innhenta synspunkt og forslag på namn på vegane i Vågsmarka frå foreningar og lag. Me har også henta inn namn i område frå eldre personar som har hatt sitt virke på stølen i der i sine unge dagar.

Før det vert utarbeid eit endelig framlegg for oversending til Nordisk inst. UIB for uttale om skrivemåten i samsvar med gjeldande reglar og før endeleg vedtak i utval III, ynskjer ein ei drøfting av dei aktuelle namna og forslag på andre. På vedlagde kart er teikna inn dei adresseparsellane som skal namsetjast.

For den delen av byggefeltet som er utbygd er det trong for 5-6 adresseparsellar. I tillegg er det i framtida trong for ein adresseparsell i den delen av reguleringsplanen fra 1989 der det er regulert inn tomter, men framleis ikkje utbygd.

### Namneforslag.

På adresseparsellen frå Atle Helland Servicenter til Tysnes Kyrkje er det forslag om "Kyrkjevegen" og "Svona". Det heiter vistnok "Svona" i område der Anna Kalgraf bur. Eit anna namn som kanskje er vel så aktuelt er "Groarvegen". Dette utfra at det heiter "Groarhaugen" og "Groarelva" ved bedehuset.

Vegen fra riksvegen forbi Windsor, barnehagen og fram til yttergrensa for reguleringsplanen er førelått kalla "Vågstølen". Eit gamalt namn ved Windsor-Kongsvik er "Stølshaug".

Bekken som renn ned ved Anna Kalgraf vart kalla "Klypesbekken". Vegen frå Tysnes Industrier går såleis over "Klypesbekken". Denne parsellen fram til til gnr.94 bnr.197, eigar Agnar Sjøvoll, vil verta sjølvstendig adresseparsell.

Vegen som går inn ved eldebustadane er føreslått kalla "Tyttebærvegen" eller "Åsvegen", utfra at det i område var mykje tyttebær.

På veg til Vågstjørna, bak eigedomen til Magnar Drange heiter det "Grønåsebotn".

Den siste adresseparsellen i denne omgang vert frå avkjørsle mellom tomt 3 og 7 i 4. byggjesteg og til enden av vegen. I enden av denne vegen og i område på sida av elv frå Vågstjørna vart kalla "Skreio".

Dei namna som vert sendt namnekonsulentane for rettskriving bør vera i 2 alternativ.

Oppsummering:

Parsell 1: "Kyrkjevegen", "Svona", "Groarvegen".

Parsell 2: "Stølsvegen", "Vågsmarka".

Parsell 3: "Klypesbekken", "Vågskroken".

Parsell 4: "Tyttebærvegen", "Vågstølen", "Åsvegen". Åsvegen liknar for mykje på Åsvågen på Reksteren.

Parsell 5: "Skreio", "Vågsåsen".

Parsell 6: "Grønåsebotn".